

LITT HISTORIKK OM HOTEL ALEXANDRA



Anders Markusson Loen




Loen's Hotell og "Kvamme's Hotell"

Anders Markusson Loen opna "Loen's Hotell" i 1884, og hadde plass til 20 overnattingsgjester. Året etter opna Bruce Kvamme "Kvamme's Hotell" på nabotomta, men begge var på konkursens rand etter nokre få år. Sonen til Anders - Markus Loen kom heim frå Amerika i ca 1889 saman med si svenske kone Ida. Med oppsparte pengar ordna dei opp i økonomien, og nokre få år seinare kjøpte dei "Kvamme's Hotell". Hotellet skifta namn til Hotel Alexandra truleg i 1892. Engelske turistar var i fleirtal den gongen, og dei fekk lov til å gje hotellet namn etter prinsesse Alexandra av Danmark, gift med prins Edward, som seinare vart kong Edward VII av England.

Markus var ein dyktig og framsynt hotellmann som fekk skikk på hotelldrifta. Han fekk turistskip til Loen saman med bygdefolket arrangerte han hesteskyss og båtferdsel på Loenvatnet. Restauranten i Kjendalen var frå 1. verdskrig og i mellomkrigsåra ein viktig del av selskapet. I mellomkrigsåra hadde han også "West Hotell" i Ålesund og "Grand Hotel Bellevue" på Åndalsnes, men desse hotella vart selde under depresjonen i 30-åra.



Hotel Alexandra 1891




Hotel Alexandra 1884

Alexandra vart utvida fleire gonger før krigen, og etter utvidinga i 1934 blei hotellet eit av dei største turisthotella på Vestlandet. Men Kjendalsrestauranten gjekk det verre med, den blei teken av flodbølga under Lodalsulukka i 1936



Hotel Alexandra 1934

Markus døydde i 1929. Kona hans Ida, frå Skåne i Sverige, var deretter ansvarleg for hotelldrifta i samarbeid med dei 9 borna sine. I 1934 vart eit av borna, Richard Loen, tilsett som direktør og saman med kona si Jenny, dreiv han hotellet til han døydde i 1965. Jenny Loen døydde i mars 1995. Eivind Grov har vore direktør sidan 1965. Han er gift med Inger, eldste dotter til Jenny og Richard.




Hotel Alexandra 1952



Hotel Alexandra 1957

I slutten av 50-åra starta utbygginga av det noverande hotellet. Fram til 1969 var hotellet eit sommarhotell, men vinteren 1968 / 69 vart den eldste delen av hotellet rive, og eit nytt og moderne bygg gav grunnlag for ei utvikling i retning av heilårsdrift. Hotellet starta med heilårsdrift frå ca 1974. Frå 80-åra vart det satsa på bygging av symjehall, utviding av kongressalar, nye rom, ny dansesal, utviding av hageanlegg og stadig oppussing av heile hotellet..



Hotel Alexandra 1962



Hotel Alexandra 1981

Hotellet feira sitt 100 års jubileum i 1984, og på den tid hadde selskapet over 60 aksjonærar i 3., 4. og 5. generasjon av familien Markus Loen. Dei bestemte seg då for at også andre utanom familien skulle få kjøpe aksjar i bedrifta. Valet fall då på rederiet Bergesen d.y. som på lik linje med Alexandra var eit familie-aksjeselskap. Dette var eit velluka val og førte seinare til endå ei utviding med endå fleire aksjonærar. Bergesen sine aksjar er i dag overtekne av familien Grov, som etter dette eig 47,45 % av aksjekapitalen i selskapet.

Hotel Alexandra var truleg det første turisthotellet på Vestlandet som la til rette for norsk trafikk og møter / konferansar. Ved å utvikle hotellet i tråd med dei krav som markedet sette fekk vi tidleg ein betydeleg andel norsk trafikk. Av dei totale 70 000 gjestedøgna har ca 80 % vore norsk trafikk.

For nokre sidan var det klart at overnattingskapasiteten måtte aukast for at hotellet sin posisjon som møtehotell skulle oppretthaldast. Valet stod mellom fleire rom på Alexandra eller å byggje eit nytt hotell. Det siste vart valgt, og i mai 1996 vart Hotel Loenfjord med sine 122 rom opna. Dette hotellet er 100 % eigd av Hotel Alexandra AS. Konsernet Alexandra har i dag totalt 313 rom med 600 senger, og er såleis den største hotellbedrifta på den vestlandske landsbygda. Konsernet har 100 000 gjestedøgn, 115 millionar kroner i omsetning, og antal årsverk er 144.

Hotellet er ikkje med i nokon kjede, men har som målsetjing å vere eit frittstående familiedrive hotell også i framtida. I dag er 5. generasjon med i leiinga ved at Richard Grov er direktør og dagleg leiar for Hotel Alexandra.